

A

STYRET

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
agnar.kvellestad krøllalfa nmbu.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 92 06 72 63
hilmarnum krøllalfa outlook.com

PRESSE & PR

Leiar: Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p)
a.r.e.dale krøllalfa uniforum.uio.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 92 49 64 38
agnar.hegrenes krøllalfa nibio.no


Kontakt Sunnfjordhytta:
Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)
andorgj krøllalfa frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta:
Dagfinn Aa 45 00 49 33
aa12 krøllalfa online.no

SOGN OG FJORDANDERINGEN

Leiar: Ingjerd Torsby 913 16 368
sofingjerd@gmail.com

Sendar: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo



TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO
NORDAHL BRUNSGATE 22, 0165 OSLO

NR. 3 2020

35. ÅRGANG

Nordfjordhytta 60 år!

**Vi inviterer til
gild jubileums-
markering på
hytta**

**laurdag
3. oktober kl.
13.00**

Øvst då det nye utebordet vart avduka 6. okt. 2018. Under frå eit godt kakelag i peiskroken hausten 2017.



FOTO: Alv Reidar Dale



FOTO: Dagfinn Aa

Nordfjordhytta 60 år!

FOTO: Alv Reidar Dale



Invitasjon til jubileumsmarkering på hytta **laurdag 3. oktober kl. 13.00**

I år er det 60 år sidan hytta stod ferdig på Eineåsen ovanfor Rykkinn hausten 1960. Dette må naturlegvis markerast. Også dei andre 10-årsjubilea (og dei siste 5-årsjubilea) har blitt markerte med godt frammøte på hytta.

Trass i koronasituasjonen håpar vi mange tar turen til Nordfjordhytta denne laurdagen. Vi vil legge til rette for at markeringa tar hensyn til gjeldande smittevernreglar, f.eks. med antibac som alle må bruke når dei kjem til hytta.

Her serverer Astrid Gjørven rjømegraut til Maria Flølo ved eit tidlegare jubileum på hytta. Rjømegraut og spekemat er fast festkost når Nordfjordhytta skal feirast.

Når det er fest på Nordfjordhytta, skal det vere rømmegraut, spekemat og anna tilbehør. Slik vert det også denne gongen. Seinare på dagen blir det kaffi og kaker. Også det i tråd med tradisjonen.



FOTO: Dagfinn Aa

Vi håpar på fint ver, slik at delar av markeringa kan føregå utandørs. Sidan forrige jubileum har vi fått nytt utebord (biletet til venstre rett før avdukinga, med "pressekorpsset" til stades).

Mellom rømmegrauten og kaffien blir det (viss veret tillet det) koronatrygg hesteskotevling.

Påmelding

Påmelding til Dagfinn Aa:

Tlf. 45 00 49 33

Epost:

dagfinn.aa@online.no

Oppgje namn og telefonnr (til alle viss fleire) pga mogleg smittesporing!

Påmeldingsfrist:

18. september

På grunn av smittevernsyn har vi sett eit tak på 20 personar, så ikkje vent for lenge med påmeldinga.

Betaling

Kr. 250, som vi helst ser blir betalt på førehand til laget sin bankkonto.

Kontonr. 0531.2771723.

Merk betalinga «Jubileum Nordfjordhytta». Born under 14 år går gratis.

Avmelding

Dersom du føler deg litt småsjuk (som kan vere koronasymptom), kan du ikkje komme på hytta! Hugs då å gje beskjed om avmelding.

For dei som blir over til søndag: Ta med sovepose, frukostmat og kr. 100 i overnattingspengar.

Tre gilde Nordfjordjenter til bords på ein fest tidlegare: f.v. Helga Holmøy Ryssdal, Randi og Kari Elde.



FOTO: Dagfinn Aa

Vel møtt på hytta!

Helsing jubileumskomiteén
**Astrid Gjørven, Anny Sollid
og Dagfinn Aa**

NB! Har du kontakt med andre som var aktive på hytta i tiåra etter 1960, er det fint om du formidlar denne invitasjonen.